



Eid Kommune

Årsplan for Gjerdane barnehage 2019-20



Spesiell del

Samarbeidsutvalet for Gjerdane barnehage

Saks nr:

Dato: 17.10.2019

Versjon: 1

Innleiing:

Denne planen er ein del av Gjerdane barnehage sin årsplan frå 2017-2020. Årsplanen vår er todelt; ein generell del, med mykje info om barnehagen og måten vi jobbar på, og ein spesiell del, som inneheld meir konkrete planar for dette barnehageåret og den barnegruppa vi har no. Begge delane kan ein finne på nettsida vår, gjerdane.barnehageside.no, eller få utdelt i papirform frå barnehagen.

I barnegruppa har vi i år 45 barn i alderen 1-6 år, fordelt på dei tre avdelingane Gullfisken, Marihøna og Sommarfuglen.

I Eid kommune er vi svært opptekne av språk og språkutvikling. Vi har saman med dei andre Nordfjordkommunane vore med i prosjektet Språkkommune. Dette prosjektet er no avslutta, men vi har gjennom deltaking der, laga oss eit godt system for tidleg innsats i høve språk og overgangar i barns oppvekst. Vi har saman jobba med kvalitetsutvikling og kompetanseheving innan språkfeltet. Arbeid med språk koblar vi til dei andre fagområda i Rammeplanen, slik at det blir ein naturleg del av kvardagen vår. Kvardagssituasjonar som t.d. måltid og lek er også gode arenaer for å jobbe med språk. Vi jobbar og mykje med språk i kvalitetsutviklingsprogrammet Beste praksis.

Dersom de som foreldre har ønskjer, innspel eller spørsmål til korleis vi jobbar her i barnehagen, set vi stor pris på at de gir tilbakemelding til oss i barnehagen.

Vil med dette ønskje alle eit godt og innhaldsrikt barnehageår!

Tove Hanebrekke Starheimsvik
Styrar

Kontaktinfo:

Gjerdane barnehage
Fossevegen 2
6770 Nordfjordeid
Tlf 95864013
gb@eid.kommune.no

Gullfisken	97128473
Marihøna	97116735
Sommarfuglen	97077313

Opningstider

Barnehagen er open frå 6.45 til 17.00 alle kvardagar. Barnehagen er stengd i påskeveka, julafta, romjula og nyttårsafta.

Planleggingsdagar dette året:

15. og 16. august

7. oktober

2. januar

22. mai



Barnehageplassar:

Samansetjing av barnegruppa vert gjort om våren ved opptak til nytt barnehageår. Vedtektene for opptak finn de på eid.kommune.no.

Oppseiing av barnehageplass må gjerast frå 1. eller 15. i kvar måned. Når barna skal over i skulen, må barnehageplassen seiast opp. Oppseiingstida er 1 måned.



Foreldreråd og Samarbeidsutval

Kva rolle og oppgåver foreldreråd og samarbeidsutval har, kan de lese om i den generelle delen av årsplanen.

Representantar i samarbeidsutvalet og verneombod dette barnehageåret er:

Foreldra:

- Leiar: Hilde Merete Heggen
- Vara: Malene Halkjelsvik
- Nestleiar: Anita Førde
- Vara: Ann Kristin Endal

Personale:

Mette Hjelle
Vara: Roger Nygård
Hilde Marie Heggen
Vara: Torill Espelund

Eid kommune:

Sekretær:

Verneombod:

Stein Inge Torheim
Tove H. Starheimsvik
Elna Aaning Olsen

Organisering av kvardagen

Dagsrytmen i barnehagen er i grove trekk lik for alle avdelingane for å oppnå mest mogleg heilskap i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet. Det vil likevel vere litt variasjonar med omsyn til alder, barnegruppe og aktivitetar.

Hovudmåltidet har vi kl 11.30 på alle 3 avdelingane. Her dekker vi på bordet med variert utval av pålegg, og barna smører maten sin sjølv. Mange klarer det heilt åleine, medan andre må ha litt hjelp og støtte frå ein vaksen.

Rundt kl. 14 får barna fruktmåltid, og skive eller knekkebrød etter behov.

Frå 6.45 til 7.30 er det berre ei av avdelingane som er open. Foreldra er då ansvarlege for å levere barna på den avdelinga som er personale på. Vi samlast og på ei avdeling med dei barna som er igjen frå 16.30 til 17.00.

Kjernetida i barnehagen er frå 9.30-14.00. I denne tida har vi det meste av planlagde og frie aktivitetar. Det er viktig at de gir beskjed om barna kjem seinare enn 9.30, slik at vi kan styre aktivitetane utifrå det.

Tilvenning

Tilvenninga startar allereie frå barnet har fått brev om plass i barnehagen. Vi inviterer til besøk, og oppmodar alle om å kome innom barnehagen i lag med foreldre fram mot barnehagestart. Alle barn og foreldre er ulike, og har ulike behov i forhold til tilvenning. Tilvenninga må difor tilpassast kvar enkelt og deira behov og ønskjer. Det er viktig at barn og foreldre får god tid til å bli kjende og trygge i barnehagen. Når foreldra er trygge på barnehagen, blir barna også lettare trygge på den nye kvardagen sin. Når barnet skal vere i barnehagen utan foreldre, er det viktig med tydeleg avskjed, og ei god avtale på når barnet blir henta i byrjinga. Det er og viktig med god kommunikasjon mellom heim og barnehage, slik at vi kan gjere barnehagedagen best mogleg for barnet. Dette kan vere å fortelle litt om kva barnet er oppteke av, kva vanar og rutiner det har. På same måte skal barnehagen formidle til føresette ved henting korleis barnehagedagen har vore.



Overgang barnehage-skule:

Barna som går i Gjerdane barnehage skal stort sett over i barneskulane i Eid kommune. Gjennom språkkommuneprosjektet har vi jobba ein del med overgangar i barna sin oppvekst, og korleis vi skal gjere desse best mogleg for barna. Vi samarbeider med dei ulike skulane om besøk, både frå skulen og til skulen. Vi har faste overgangsmøter. Gjennom prosjektet har vi arbeidd fram ein plan for kva som skal gjerast rundt dei ulike overgangane. Dette er mellom anna at ein skal ha nokre felles songar, leikar og aktivitetar, slik at barna kjenner dette att når dei kjem over i skulen. Det er og sett i system organisering av kontakten mellom skulane og barnehagane, slik at alle skular og barnehagar har ein mest mogleg lik praksis på dette.



PROGRESJONSPLAN

Hovudsatsingsområdet vårt er språk. Språket er grunnleggande for all utvikling og læring, og arbeidet med språk skal gå igjen i alt arbeidet vi gjer i barnehagen.

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Gjennom progresjonsplanen synleggjer barnehagen korleis vi arbeider med dei sju fagområda i Rammeplanen. I løpet av den tida barna går i Gjerdane barnehage skal dei oppleve mestring og utvikle seg. Personalet skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får variert høve til leik, aktivitetar og læring.

Progresjonsplanen skal sikre at barna får utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene deira.

Vi vidarefører ein del tema/aktivitetar til dei neste trinna, men då utvidar vi og bygger vidare på det vi har gjort tidlegare.

KOMMUNIKASJON SPRÅK OG TEKST

Gullfisken 1-3 år:

- Språkstimulering; auke ordforråd, vidareutvikle omgrepsforståing gjennom å kommentere det vi ser og gjere på i det daglege
- Oppleve glede ved å sjå i/lese bøker ilag
- Bruke konkretar ved formidling av historier og songar/regler
- Bli kjend med namnet sitt og bokstaven sin

Eventyr: «Bukkene Bruse» og «Gullhår og dei tre bjørnane»

Songleikar: «Myggen danser» og «Du Halling»

Solsikkene 3-4 år:

- Språkstimulering; auke ordforråd med preposisjonar, adjektiv, motsetningar.
- Bli glad i høgtlesing
- Prøve seg på å dramatisere eventyr, fortellingar, songar
- Teikne og sette ord på kva ein teiknar

Eventyr: «Skinnvotten» og «Rødhette»

Songleikar: «Bjørnen sover» og «Per Sjuspring»

Blåkløkkene 4-5 år:

- Språkstimulering; Samtale, undre seg ilag med barna. Fabulere og fantasere, og pirre nysgjerrigheita
- Besøk av leseledar frå fylkesbiblioteket, og møte høglesing på ein litt anna måte
- Lage egne historier som vert skrevne ned

Eventyr: Ulike eventyr om Askeladden

Songleikar: «Boogie, boogie» og «Ta den ring»

Rødkløverane 5-6 år:

- Språkstimulering; leike med lydar, stavingar, rim og rytme. Bli kjend med sjangeren vitsar og gåter. Bruke ulike ellingar. Lage egne historier
- Like å høyre på fortsettings bøker
- Leikelesing og leikeskriving
- Øve på å skrive namnet sitt
- Bli kjend med at det finst ulike språk

Eventyr: «Gullhår og dei tre bjørnane», «Geitekillingen som kunne telle til ti» og «Den lille raude høna»

Songleikar: «Ein bonde i vår by» og «Bro bro brille»

KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

Gullfisken 1-3 år:

- Oppleve trivsel, glede og mestring gjennom allsidige rørsleerfaringar i leik både ute og inne.
- Sette namn på kroppsdelar
- Utvikle gode rutinar for hygiene med handvask
- Oppleve måltids glede ved eit variert kosthold, det å få prøve å smørje maten sin sjølv
- Besøk hos tannpleiar

Solsikkene 3-4 år:

- Motoriske utfordringar inne og ute. Øve opp koordinasjon og risikovurdering i leik.
- Begynne å rettleie til eit godt blyantgrep
- Bli kjend med sansane, og besøke sanserommet i LA bygget
- Bli kjend med og glad i eigen kropp; utvikle eit godt sjølvbilde
- Delta i matlaging med fokus på sunt og variert kosthald

Blåkløkkene 4-5 år:

- Fysisk aktivitet med hinderløype, turar i skogen
- Bli kjend med følelsane sine, og øve på å setje ord på dei
- Øve på å setje grenser for eigen kropp
- Vere med å lage mat frå grunnen av; kvar kjem maten frå? Kva skjer i kroppen vår når vi et mat? Kva mat er bra for kroppen vår, og kva er mindre bra?

Rødkløverane 5-6 år:

- Fysisk aktivitet gjennom lengre skogsturar, regelleikar, sykkeltdag
- Lære om kroppen vår og korleis den fungerer
- Lære enkel førstehjelp
- Øve på å bli sjølvstendige når ein går på toalettet
- Bli trygge på seg sjølv, og ta eigne val og respektere andre sine val

KUNST, KULTUR OG KREATIVITET**Gullfisken 1-3 år:**

- Stimulere til fantasi og kreativitet gjennom lett tilgang til; fingermaling, fargestiftar, utkleddningskle, duplo, plastelina/leikedeig
- Introdusere nye songar, og bruke «gamle» songar
- Musikkksamlingar med mykje bevegelse

Solsikkene 3-4 år:

- Utforske ulike teknikkar innan forming; ulike typar maling, ull og tråd
- Lett tilgang til materiale slik at barna kan vere kreative når dei har lyst
- Bli kjend med, og bruke musikkinstrument
- Lage fellesbilde som ein kan gje til institusjon

Blåkløkkene 4-5 år:

- Utforske ulike teknikkar innan forming; snekring, klipp og lim med papir
- Besøke designelinja på Eid vidaregåande og sjå på det dei lagar der.
- Uttrykke følelsar gjennom å bruke maling, dans og drama
- Bli kjende med ulike musikksgangrar

Rødkløverane 5-6 år:

- Få kjennskap til lokale kunstnarar, og nokre av verka til meir kjende kunstnarar
- Besøke kunstutstilling i Gamlebanken, og det kreative rom på Alti.
- Besøke lokale kreative bedrifter
- Bruke digitale verktøy og vere kreative

MENGD, ROM OG FORM**Gullfiskane 1-3 år:**

- Bli kjend med tal, og telling 1 – 10
- Bruke kroppen/sansane til å utvikle rom forståelse; konstruksjonsleik, ta på og kjenne på ting, hoppe, klatre, bygge
- Sortere leikar; dyr, klossar, bilar
- Formene; trekant, firkant og sirkel

Solsikkene 3-4 år:

- Bruke songar og regler med tal og telling
- Øve på ein til ein koordinasjon ved å vere med å dekke bordet
- Lære preposisjonane; over under, framfor, bak, inni
- Øve på turtaking i enkle spel

Blåkløkkene 4-5 år:

- Bruke terning og teljing i spel; stigespelet, hatt over hatt, ludo, mix max
- Kategorisering; over og underkategoriar
- Få oversikt over vekedagar, månadar og årstider
- Sjå på motsetningar som t.d. stor – liten, lang – kort

Rødkløverane 5-6 år:

- Bli kjende med enkle matematiske begrep som t.d. pluss, minus, former, tall, høgd, vekt, lengd
- Få erfaringar med veging og måling, og rekkefølge
- Spele kortspel; Uno
- Bruke kart over kjende område

ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

Gullfisken 1-3 år:

- Motivere barna til å vere nysgjerrige og undrande
- Markere høgtida jul
- Øve på å dele på leikar, og ikkje ta ifrå kvarandre

Solsikkene 3-4 år:

- Motivere barna til å vere nysgjerrige, og til å stille spørsmål
- Bli kjende med høgtider og tradisjonar som er representerte i barnehagen vår
- Barna skal få oppleve at det er flott å vere seg sjølv, og at det blir respektert at ein kan vere forskjellig

Blåkløkkene 4-5 år:

- Bli kjende med høgtida påske
- «Den gylne regelen», normer og reglar for korleis vi skal veremot kvarandre. Vise respekt og toleranse i det vi seier og gjer

Rødkløverane 5-6 år:

- Bli kjende med at det finst ulike livssyn og levemåtar; ulike familiesamansetningar, ulike religionar og livssyn
- Reflektere over kven ein er som eigen person, og korleis ein vil vere i samspel med andre

NÆRMILJØ OG SAMFUNN

Gullfiskane 1-3 år:

- Bli kjend med tradisjonar i barnehagen; bursdagsfeiring, nissefest og karneval
- Bidra i lokalsamfunnet; synge på Hogatunet, vere med på vårfest
- Bli kjend i nærmiljøet; Hestesenteret, Hogatunet, Golvsengane bhg, biblioteket.

Solsikkene 3-4 år:

- Trafikkopplæring; Vi brukar opplegg frå Trygg trafikk, og møter trafikkvennen vår, Tarkus
- Brannvern; Brannbamsen Bjørnis hjelper oss å formidle enkel brannsikring
- Vi lærer om lokal kultur og fjordhesten. Besøk på Hestesenteret

Blåkløkkene 4-5 år:

- Bli kjende på Operahuset
- Besøke ulike bedrifter/arbeidsplassar på Eid
- Lage kart over kommuna, og sjå kvar vi bur i forhold til kvarandre

Rødkløverane 5-6 år:

- Bli kjend med Sagastad og Sagaløypa
- Bli kjend med historia til Malakoff – før/no
- Få kjennskap til FN sin barnekonvensjon
- Markere samisk nasjonaldag
- Besøke skular

NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

Gullfisken 1-3 år:

- Få gode opplevingar ute, og bli vant med å vere ute i ulike typar ver.
- Vere nysgjerrig på det som skjer i naturen; blada på trea, mauren og blomster
- Begynnande naturvern; rydde etter oss når vi er på tur

Solsikkene 3-4 år:

- Lære om dyr og dyreliv
- Ta med forstørrelsesglas/boksar, og oppslagsverk når ein er ute på tur
- Plante blomster/grønsaker
- Ta vare på naturen, og plukke boss i nærmiljøet

Blåkløkkene 4-5 år:

- Oppleve, utforske og eksperimentere med naturfenomen og fysiske lover som t.d. magnetisme, snø, vind, nedbryting av søppel
- Lære om solsystemet

Rødkløverane 5-6 år:

- Kjenne dei vanlegaste fuglane, blomstrane og dyra som finst rundt oss
- Lære om miljøvern og forureining

Faste aktivitetar gjennom heile året:

- Temasamlingar
- Turar
- Felles musikkksamlingar for alle i barnehagen 1 gong pr måned
- Musikkksamling i regi av kulturskulen 2 gonger pr måned
- Felles aktivitetsdagar for alle i barnehagen.

6-årsklubben:

Vi er i år 11 barn i 6-årsklubben; 6 Marihøner og 5 Sommarfuglen som skal begynne på skulen i 2020.

Alle barna får ein perm til å samle alt dei har

jobba med gjennom året. Denne får dei med seg heim når dei sluttar i barnehagen.



Litt av dei tema vi skal jobbe med i 6-årsklubben er;

- Sosialt samspel, samarbeid og sjølvstende
- Felles turar
- Førstehjelp
- Hjertesamlingar
- Meg sjølv
- Rim og regler, vitsar og gåter
- Teikne, klippe, lime, lære nye omgrep, bokstavar og tal
- Lytte-oppgåver, lytte når andre snakkar
- Besøk til skulane
- Sykkeldag
- Overnatting i barnehagen
- Leik

AKTIVITETAR I LØPET AV BARNEHAGEÅRET

Her er ei liste over faste arrangement i barnehageåret:

- Teater Karius og Baktus 17.9.
- Fotografering - gruppe- og portrettbilde 2.10
- Kafe/Basar i tilknytning til FN dagen. Innsamling til FORUT. I år er det basar 24.10. kl. 14.30-16.30.
- Lucia-feiring - vi går Luciatog på Hogatunet 13.12. Vi bakar Lussekattar til denne dagen. Rødkløverane går Lucia.
- Adventstund i Eid kyrkje 18.12. Barn som har fri kan vere med med følge av ein vaksen. På denne deltek berre Blåklokkene og Rødkløverane. Resten av barnehagen har fellessamling.
- Nissefest med julegraut 20.12. - Vi kler på oss nissehue, går rundt juletreet, et graut og kanskje kjem nissen????
- Barnehagen sin bursdag 24.januar. Vi feirar med foreldrecaffi frå kl. 14.30. Minikonsert ca. kl.15.15.
- Karneval - I år blir årets kostymer på karnevalet inspirert av eventyr. Barna er med på å lage sitt eige kostyme. Tid for karnevalet er 21.02.
- Show på hestesenteret -Kvart år i mai brukar vi å bli inviterte på show på hestesenteret i regi av hestelinja ved Fjordane folkehøgskule. Dette opplegget er laga rundt ulike tema, og passar best for dei større barna. Vi har difor valt å ha med berre Rødkløverane dit.
- Vårfest - barnehagetog i Eidsgata med påfølgande feiring her i barnehagen. Dette vert ein av siste dagane før 17.mai.
- Jonsok feiring 23.6 - Vi plukkar blomster, kler ut jonsokbrurepar og går på besøk til Hogatunet der vi deler ut små blomsterbukettar og syng og underheld dei som bur der. På jonsokfeiringa på Hogatunet er det Blåklokkene og Gullfiskane som deltek. Feiringa held fram i barnehagen med alle barna, og vi kosar oss med fruktsalat.
- Sommarfest - dette er eit samarbeid mellom barnehagen og samarbeidsutvalet. Underholdningsinnslag frå barnehagen. Dei som skal slutte i barnehagen får ei lita overrasking. Mat og sosialt samvære etterpå.

Det kjem alltid tilbod om ulike arrangement vi kan vere med på gjennom året. Desse vert vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Gjerdane barnehage har valt å ikkje la nokon henge opp plakatar eller dele ut noko til barna om aktivitetar som er på fritida. Dette fordi det høyrer privatlivet til og at ein ikkje skal føle seg pressa til å delta. Dette gjeld og utlevering av bursdagsinvitasjonar.

